

Med Quo Vadis-gruppa til Kristiansund og Grip

Onsdag 27. april starta 45 forventingsfulle deltakarar frå Ålesund på veg til Kristiansund. Førsre stopp var Skarstua i Molde der vi fekk servert ein god lunsj og der verten ønskte oss velkomne og fortalde at han var 3. generasjon som dreiv restauranten, ein fredeleg og vakker plass.



Turen gjekk vidare over Krifast og vel framme i Kristiansund vart vi tatt i mot av lokal guide som aller først tok oss med til kyrkja, Kirkelandet kirke. Mange hadde ikkje sett kyrkja før og dei vart mektig imponerte. Kyrkja vart reist i 1964 – 24 år etter at den gamle kyrkja brann ned under andre verdskrigen. Kyrkja er teikna av arkitekt Odd Østbye og den bryt med gammal tradisjon for kyrkjebygg. Den arkitektoniske ideen bak Kirkelandet kirke er «Bergkrystall i roser.» Som ein lysande krystall skal kirka skinne blant rosene i vestskråningen.



Turen gjekk så vidare til Varden og utkikstårnet, vidare rundtur i byen med orientering på Vestbase og Vestbase A/S. No var vi modne for innsjekking på Thon Hotell for ein liten pust før turen gjekk til «Smia» for middag med Baccalao og karamellpudding. Restauranten er ei ekte smie, restaurert, men med belg og esse og det som høyrer til i ei smie. Ein innhaldsrik dag var til ende og det var godt å finne ei seng.

Torsdag vakna vi til same fine veret og vi var klare for å starte båtturen ut til Grip som ligg ca. 10 nautiske mil nord i havet for Kristiansund. Turen tok om lag ein time.



På Grip var det skipparen som guida oss rundt på øya. Han fortalde om korleis øya vart fråflytta på 50-talet på trass av folkeviljen, eit velfungerande samfunn der folk hadde budd sidan 1100-talet.



Turistmagneten er kyrkja. Ei stavkyrkje frå 1470. Det har vore 700 stavkyrkjer i Noreg. I dag er det

att 36, av dei er stavkyrkja på Grip den minste. Ei stavkyrkje her ute på eit forblåst fiskevær er eit under i seg sjølv. Riksantikvaren ser det verdfulle i å verne om dette fråflytta øysamfunnet. Til no er det brukt 25mill. på restaurering og vedlikehald av kyrkja. Det blir halde 5 gudstenester gjennom sommaren og her er fleire giftermål og barsedåpar.


Brannberedskapen er svært godt utbygd og m.a. er det montert varmesøkande kamera.

Gripforeininga har eige aggregat, vasskjelda er regnvatten.

No er det vel 40 hus på øya før, frå flyttinga budde her om lag 400 menneske, men i vårfiske kunne det vere 1000 menneske på øya.

Det var rørende å høyre korleis dei fråflytta og etterkommarane deira brukar øya på sommarstid. Dei held husa ved like, samarbeider og lagar samkomer av ulike slag. Eg trur at alle som fekk oppleve Grip denne fine vårdagen har blitt eit minne rikare og mi oppmoding er: Sett av ein feriedag til sommaren, ta Gripruta «Hagbart Waage» og bli kjent med eit unikt øysamfunn. Båten går kvar dag frå 20. mai til 20. august.

Siste post på programmet var lunsj på Bjartmars favorittkro.



Ei kvinne frå Nederland har restaurert ein tredel av ei trønderlån frå Malm frå 1860-talet og sett ho opp på Averøya. Mette og fornøgdde sette vi kursen over Atlanterhavsvegen og vidare sørover og heim.

Da står det att å takke for turen til Sigurd som har planlagt turen og orienterte om alt som skulle skje. Stor takk til Sidsel som gav oss små doser om alt av interesse på vegen fram og tilbake. Ho veit meir om kyrkjene på Nordmøre enn dei lokale guidene, og interessant var og historia om marmorbrotet på Eide. Til sist ein takk til vår stødige og trygge sjåfør, Svein Kvalsvik.

Referent: Gunnvor Krogsæter

Foto: Sigurd Dybvik